

Samarbeidsavtale

mellom Høgskulen i Volda og Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda

§ 1 Heimel etter lova

I fylgje Lov om universiteter og høyskoler § 4-1 (3) skal «*Institusjonen legge forholdene til rette slik at studentorganene kan drive sitt arbeid på en tilfredsstillende måte. Omfanget av tilretteleggingen skal spesifiseres i en avtale mellom institusjonen og det øverste studentorgan*».

§ 2 Kven avtalen gjeld for

Studentdemokratiet blir i denne avtalen forstått som Studentparlamentet og deira underliggjande organ, inkludert tillitsvalde i andre verv i studentdemokratiet:

- Studentparlamentet: det øvste studentdemokratiske organet ved Høgskulen
- Arbeidsutvalet (AU) til Studentparlamentet: Et utval av Studentparlamentet i honorerte/frikjøpte verv
- Studentrådet: Studentorgan sett saman av studentdemokratiet sine tillitsvalde på alle heiltids studieprogram (årsstudium, bachelor- og masterprogram)
- Studentar valde av Studentparlamentet til verv i Høgskulen sine råd og utval
- Studentar valde av Studentparlamentet til verv i Fadderveka

§ 3 Kontorlokale, kontorstøtte og arbeidsmiljø

Studentparlamentet disponerer eigne kontorareal på høgskuleområdet, med inventar, kontor- og IT-utstyr, tilgang på internett, kontorrekvisita og IT-støtte på lik linje med tilsette ved Høgskulen. Studentparlamentet har fri tilgang til utskrift, kopiering, frankering og trykkjing av plakatar på Hustrykkeriet.

På førespurnad skal Høgskulen bistå AU med tilrettelegging av arbeidsplassen, fysisk og psykisk. Høgskulen legg til rette for at studentane i AU har tilgang på oppfølging frå personalkontor/HR-avdeling ved behov.

§ 4 Organisasjonskonsulent

Høgskulen tilset og løner organisasjonskonsulent for Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda som konsulent/førstekonsulent. Organisasjonskonsulenten si primæroppgåve er å vere støttefunksjon for Studentparlamentet og AU.

Eksempel på arbeidsoppgåver kan vere økonomioppfølging, reisekoordinering, sekretærfunksjonar, politisk rådgjeving, organisasjonsutvikling, kommunikasjon m.m.

§ 5 Samarbeid mellom partane

Høgskulen skal leggje praktisk til rette for at Studentdemokratiet får gjennomført val til Studentparlamentet kvar haust gjennom å bidra til det tekniske oppsettet av valet. Høgskulen sørgjer også for at det blir gjennomført val av student-tillitsvalde til Studentrådet frå kvart årskull på heiltids studieprogram (årsstudium, bachelor- og masterprogram).

Jamfør *Lov om Høgskoler og universitet § 4-4 første ledd*, skal studentane ha minst 20 prosent representasjon i alle Høgskulen sine organ med beslutningsmynde. Høgskulen skal også inkludere studentar i relevante arbeidsgrupper og prosjektgrupper. Studentparlamentet valkrins for studentrepresentantane. I samarbeid med studentdemokratiet, skal Høgskulen gi opplæring til studentar som engasjerer seg i lovpålagte styre, råd og utval, samt sentrale verv i Studentdemokratiet. Høgskulen set av minimum ein halv dag til opplæring kvar haust, innarbeidd i Høgskulen sitt årshjul.

Studentdemokratiet skal sjå til at studentane blir høyrde i relevante saker. Høgskulen sender saker som vedkjem studentane på høyring til Studentparlamentet i god tid, slik at studentorgana har høve til å handsame og uttale seg i desse sakene.

Høgskulen skal ha jamnlege leiingsmøter med AU i Studentparlamentet, normalt ein gong i månaden, og det skal finnast eit årshjul for sentrale saker mellom partane. AU kallar inn og set dagsorden, og har også høve til å invitere leiinga ved SiVolda til desse møta.

Studentdemokratiet har ansvar for å opprette eit styre for Fadderveka kvart år. Høgskulen bidreg til eit godt samarbeid med fadderstyret om studiestart, og ei årleg evaluering av Fadderveka.

Høgskulen finansierer studentprisen, som Studentparlamentet, Høgskulen og Studentsamskipnaden samarbeider om å dele ut kvart år.

Studentdemokratiet organiserer plakatveggjar og stands på høgskuleområdet, og har tilgang på rombookingssystemet for å kunne booke rom for studentaktivitet.

§ 6 Organisasjonsfri

Etter § 4-6 i *Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda*, har studentar med tillitsverv i styringsorgan ved Høgskulen i Volda og Studentsamskipnaden i Volda, verv i nasjonale eller internasjonale studentorganisasjonar, eller har plikter i offentleg valde organ, rett på fritak frå kravet om obligatorisk oppmøte. § 4-6 skal også omfatte sentrale tillitsverv i Studentparlamentet, forstått som AU og valde studentar til sentrale arbeids- og prosjektgrupper nedsett av Høgskulen.

Ved behov for organisasjonsfri, skal studentar gjere avtale med relevant faglærer på førehand. Fråværet skal dokumenterast. Fråværet må vurderast opp mot obligatoriske arbeidskrav og moglegheita for å gjennomføre utdanninga. Dekan avgjer søknad om fråvær.

§ 7 Honorar, frikjøp og økonomiske rammevilkår for Studentdemokratiet

§ 7-1 Studentparlamentet

Studentparlamentet har følgjande honorerte verv:

- Leiar i AU mottek honorar/frikjøp tilsvarande ei 50 % stilling i lønnsstrinn 24, 11 mnd. i året (juli er ikkje honorert).
- Nestleiar i AU mottek honorar tilsvarande ei 20 % stilling i lønnsstrinn 24, 11 mnd i året (juli er ikkje honorert).
- Øvrige tre medlemmar i AU mottek eit fast honorar på 3000 kr i mnd, 11 mnd. i året (juli er ikkje honorert).
- Ordstyrar på studentparlamentsmøta mottek 400 kr per møte, som blir utbetalt ein gong i semesteret.

Leiar og nestleiar blir registrert som faste lønsmottakarar ved Høgskulen og får utbetalt honoraret gjennom Høgskulen kvar måned. Ved dokumentert sjukdom eller skade skal honoraret framleis utbetalast.

Organisasjonskonsulenten har ansvar for attesting for utbetaling av honorar til øvrige AU-medlemmar og ordstyrar gjennom DFØ. Honoraret vert utbetalt av Høgskulen etterskotsvis kvar måned, og fylgjer Høgskulen sine fristar for bonusutbetalingar.

Avtroppande AU-medlemmar mottek ikkje honorar for overlappsperioden.

§ 7-2 Fadderveka

Fadderstyret får utbetalt følgjande honorar:

- 10 000 kr til leiar
- 5 000 til øvrige styremedlemmar

Honoraret blir utbetalt som ein eingongssum etter at Fadderveka er avslutta, rekneskapen godkjent, og alle sluttrapportar er innsendt til Studentparlamentet. Utbetalingane blir gjort på same måte som for AU-medlemmar.

§ 7-3 Organisasjonskonsulent

Høgskulen tilset og løner organisasjonskonsulent i 80 % stilling, og har arbeidsgjevaransvar for vedkomande.

§ 7-4 Drift av Studentparlamentet

Høgskulen set av eit fast, årleg driftstilskot til Studentparlamentet på kr 125 000. (Prosjekt 10940). Organisasjonskonsulenten fører rekneskap for Studentparlamentet og rapporterer til Høgskulen, medan Høgskulen har det overordna, økonomiske ansvaret.

§ 8 Omfang og ansvar

Partane står fritt til å framforhandle tilleggsavtalar med kvarandre utover det som går fram av denne avtalen. Samarbeidsavtalen skal gjennomgåast minst kvart fjerde år, og kan reforhandlast ved behov.

Justering av dei økonomiske satsane i § 7 i denne avtalen kan gjerast ein gong i året, normalt ved forhandling mellom Studentparlamentet og Høgskulen innan 15. november, med verknad frå årsskiftet komande år.

Stad/Dato Volda, 12.05.21

Trond Fredrik Hagemann Hoddevik

Trond Fredrik Hagemann Hoddevik
Leiar
Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda

Karen Lomeland Jacobsen

Karen Lomeland Jacobsen
Høgskuledirektør
Høgskulen i Volda